



MØTEBOK

Budsjett 2019 - oppvekst og omsorg

Utval sak	Utval	Møtedato
51/18	Utval for Oppvekst og omsorg	27.11.2018

Vedlegg:

- 1) Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022
- 2) Detaljbudsjett Skule og oppvekst
- 3) Detaljbudsjett Pleie og omsorg

Utrykte vedlegg:

Alle dokument i saka er å finne på <http://www.fitjar.kommune.no/budsjett-2019/>

Bakgrunn:

Rådmannen presenterte sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 for formannskapet 7. november.

Formannskapet gjorde slikt vedtak:

«Formannskapet sender rådmannen sitt forslag til «Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for funksjonshemma, Eldreråd og Ungdomsråd for uttale, og evt omprioriteringar.

Formannskapet handsamar saka endeleg 05.12.18 og legg den deretter til offentlig høyring.
Kommunestyret handsamar saka 19.12.18.»

I det ein syner til vedtak i formannskapet, vert saka no sendt utval for oppvekst og omsorg for handsaming.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 27.11.2018:

Rådmann Olaug Haugen, orienterte om budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022.

Skulesjef John Karsten, orienterte om detaljbudsjettet 2019 og økonomiplan 2019 -2022 for Skule og oppvekst.

Helse- og sosialsjef Anne Økland, orienterte om detaljbudsjett 2019 og økonomiplan 2019 -2022 for Pleie og omsorg.

Utvalet diskuterte saka, og kom med slikt framlegg til uttale:

Utvalet tek budsjett 2019 og økonomiplanen 2019- 2022 til vitande utan endringsforslag. Utvalet vil jobba vidare med budsjett 2019 og økonomiplan 2019 -2022 fram mot Formannskapet og Kommunestyret.

Uttale til formannskapet: (Samrøystes)

Utvalet tek budsjett 2019 og økonomiplanen 2019- 2022 til vitande utan endringsforslag. Utvalet vil jobba vidare med budsjett 2019 og økonomiplan 2019 -2022 fram mot formannskapet og kommunestyret.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.